

GREVRUSTEN



Av Knut Raastad, skrivi i 2004, revidert i 2017

Grevrusten ligg i Nordherad, ovanfor Grev vest for Dipra. Grevrusten var i tidlege tider kalla Bakke. I rekneskap over kyrkjepenger i 1832 er under almenninga nemnd Johannes Syvertsen Grev, han var da brukar i Grevrusten. Johannes 1789-1854 var frå Grev og son til Syver Knutsen Grev og Rønnaug Johannesdotter Lyen. Johannes var gift med Brit Knutsdotter Storviksløkken 1788-1867, dei starta truleg i Grevrusten i 1812. Johannes og Brit hadde sonen Syver Johannessen Grevrusten 1827-1912

Syver var i folketellinga i 1865 nemnd som gardbrukar og sjølveigar i Bakke. Han var gift med Ragnhild Knutsdotter f. 1813 som var frå megarde Storvik. Dei hadde ikkje barn. I 1900 var Syver føderådsmann, han dreiv nok da noko av garden sjølv.

Grevrusten gnr. 92 bnr. 1 var skyldsett i 1857, og Syver Johannessen fekk kongeleg skjøte for 75 Spd. I 1871 fekk Kristoffer Syversen skjøte frå Syver Johannesen for 100 Spd. Kristoffer 1841-1925 var frå Grev og son til Syver Knutsen og Mari fødd Trælviken. Faren var såleis syskjenbarn med seljaren Syver Johannessen og mora truleg syskjenbarn med Ragnhild.

Kristoffer som var skreddar var gift med Kari Jørgensdotter Odde 1848-1926, dotter til Jørgen Johannessen Visdal/Odde og Mari Knutsdotter megarde Storvik. Ragnhild som dei overtok Grevrusten etter var dermed tanta til Kari. Kristoffer og Kari hadde barna

Ragnhild 1869-1949, til USA i 1893, der gift med Syver Syversen Grev 1862-1934

Syver 1871-1959

Mari 1875-1961, til USA i 1893, der gift med John Syversen Grev 1870-1930

Jørgen 1878-1907, reiste til USA

Marie 1881-1907, gift i USA med Paul Helleløkken 1870-1923

Rønnaug 1884-1932. gift med Jørgen Olsen Stasviken 1872-1939

Sigurd 1887-1888

Sigurd 1889-1961, gift 1913 med Rønnaug Knutsdotter Ulvsbu 1890-1961, på Ulvsbu

Otto 1894-1959, gift med Anne Hansdotter Hølmø 1901-1992

Grevrusten vart i 1915 overskjøta frå Kristoffer Syversen Bakke og hustru Kari Jørgensdotter til sonen Syver Kristoffersen Bakke for kr 400 samt føderåd til seljarane verdsett til kr 1250,- for 5 år, inkludert var lausøyre kr 400. Syver var gift med syskenbarnet Eldri

Iversdotter Vetlesæter 1872-1965, dotter til Ivar Vetlesæter f. Holen og Mari Syversdotter f. Grev. Syver og Eldri hadde barna

Ragnhild 1897-1969, gift med Hans Sandviken 1886-1968

Kristian 1900-1981, neste brukar

Ivar 1903-1991, gift med Anna Svare 1903-1991

Sigurd 1906-1971, gift med Gunhild Resvold 1904-1989

Mari 1909-1988, gift med Asmund Nyrnes 1904-1979

Marie 1912-1991, gift med Knut Vole 1910-1985

Kristian Grevrusten overtok Grevrusten frå faren Syver med kjøpekontrakt i 1929 og skjøte tinglese i 1937. Kjøpesummen var kr 400 samt føderåd til femårleg verdi kr 1250,-, i handelen følgde lausøyre med for kr 650. Kristian var gift med Anne Dalen 1904-2001, dei hadde barna

Sigurd f. 1927

Marit 1930-2007, gift med Alv Teigum 1928-2002

Sigurd overtok Grevrusten i 1967. Sigurd og foreldra flytte til Vågåmo i 1970-åra, og gardsdrifta vart dermed nedlagt. I 1987 vart garden overdrege til sonen til systera Marit, Knut Arild Teigum f. 1957.

Setra til Grevrusten er på nørdre Nistingen.

I 1865 var dei Grevrusten 1 hest, 4 kyr, 13 sauer og 4 geit, medan dei sådde 1 tønne bygg, litt rug og 2 tønner poteter. Folketellinga nemner at dei hadde tenestejente.

Kjelder: P.Ø.K. 2000: Slechter i Vågå og Lom, s. 113, 115, 116

K.B.Storvik 1999: Draumen om eit bedre liv, s. 93

K.,K.ogH.Bakke 2002: Portrettserie av Otto Bakke, s. 7

Norske Gardsbruk 1953-1997

Folketelling 1865, 1900

Panteregeister/grunnbok

Liste over husmannspenger til kyrkja

Knut Arild Teigum